

# Samvirkenål for tru teneste

— Etter å ha kjempa i 20 år ved same bedrift, tykkjer eg det er føle kjekt å motta eit slikt heidersbevis, seier styraren på Haramsøy S-marked, Matias Lunde.

Han er den eine av dei to tilsette ved Haramsøy S-marked som mottok Samvirkelaget si «samvirkenål» for tru teneste. Utdelinga tok plass i desember under julebordet til Sunnmøre Samvirkelag på Teknikeren i Nørvasundet.

## HN-Kathrin Gangstad

Det var disponent Tallberg i NKL-Ålesund som overrekte «Samvirkenåla» til dei to trufaste arbeidarane. Aslaug Liv Haram fekk heidersprovet for sine 25 år ved bedrifta og Matias Lunde for sine 20 år.

— Eg starta i bedrifta i 1962, 20 år gammal. Butikken hadde då eksistert i 16 år. Sidan eg begynte i bedrifta, har vi dobla butikklokala, og vi har blitt samanslått med Sunnmøre Samvirkelag, fortel Matias.

Samanslåinga skjedde som eit resultat av utvidinga. Å bygge større lokal kostar pengar, og det



«Samvirkenål» til dei to trufaste arbeidarane ved Haramsøy Samvirkelag. Aslaug Liv Haram fekk heidersprovet for sine 25 år ved bedrifta og Matias Lunde for sine 20 år.

førte til ei hard tid for Haramsøy S-marked. For å berge både bedrifta og arbeidsplassane slo dei seg also saman med Sunnmøre Samvirkelag.

— Då vi gjekk inn i laget, hadde vi det frykteleghardt økonomisk, fortel styraren. Men no tek dei seg av alt på administrasjonssida og reklamesida.

Dette lettar kostnadane våre nokså mykje, difor har vi no ein trygg og god arbeidsplass.